



DET KONGELEGE  
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President  
Karl Johansgt 22  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

21/415-

11. februar

## Svar på spørsmål nr. 1180 til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Arne Nævra

Eg viser til spørsmål til skriftleg svar nr. 1180 frå representanten Arne Nævra, som lyd:

*"Hva har det kostet å bruke helikopter til avliving av rovdyr de siste fem årene, fordelt på år, art og formål?"*

All avliving av rovdyr ved bruk av helikopter blir gjennomført av Statens naturoppsyn. Eg har henta inn ein oversikt over kostnadane med slik bruk av helikopter i samband med avliving av rovdyr frå Statens naturoppsyn.

Tabellen under syner dei årlege kostnadane til bruk av helikopter til ekstraordinære uttak av store rovdyr i perioden frå 2016 til 2020. Kostnadane er fordelt på år og art. Formålet med helikopterbruken i oversikten har vore ekstraordinære uttak for å stanse eller førebygge skade på husdyr og tamrein etter vedtak fatta av Miljødirektoratet.

År	Jerv	Ulv	Bjørn	Sum år
2016	kr 2 630 000	kr 65 000	kr 70 000	kr 2 765 000
2017	kr 3 160 000		kr 100 000	kr 3 260 000
2018	kr 1 670 000	kr 300 000	kr 100 000	kr 2 070 000
2019	kr 1 870 000	kr 26 000	kr 50 000	kr 1 946 000
2020	kr 1 840 000			kr 1 840 000
<b>Sum for perioden</b>	kr 11 170 000	kr 391 000	kr 320 000	kr 11 881 000

Med helsing

Sveinung Rotevatn